



Det 190 meter lange tungløfteskipet er klar for slep til Tyrkia.


I dag tidleg klokka 08.30 løyste DE TRANSPORTER alle fortøyningane og glei fint frå kaien på Eidsvik Eigedom sitt anlegg på Børneset. Med to slepebåtar gjekk turen på nord gjennom Storsund, rundt Kalven og ut Hardangerfjorden. I skrivande stund går slepet med 5- 6 knop og posisjonen er vest for Karmøy. Skipet er seld til skipsverftet Tersan Shipyard i Tyrkia og skal byggjast om og brukast som dokk. Salsprisen er 12 mill kr.

Det 190 meter langet tungløfteskipet kom til Eidsvik februar 2017 og sidan lege i opplag i påvente av at kjøpar skulle dukka opp. I ei tid då Fitjar Mekaniske verkstad bygde skrog på Eidsvik måtte EIDE TRANSPORTER forhalast frå kaien ved kvar sjøsetjing. Elles har det berre vore vanleg tilsyn og vedlikehald på skipet i Uskedalen.



[Taubåten FAIRPLAY 33 frå Bremerhaven har vore i Uskedalen ei veke og arbeidd med klargjering.](#)

Laurdag for ei veke sidan kom taubåten FAIRPLAY 33 til Uskedalen og starta arbeidet med klargjering til avgang. Eit mannskap på fem mann og ein skipper frå forsikringsselskapet har delvis budd på Dønhaug Gjestegard. Vind og dårleg ver i Nordsjøen har ført til at slepet vart utsett til i dag.



[Det neste livet til skipet vert truleg som dokk på skipsverftet Tersan i Tyrkia.](#)

Uventa for mange gjekk slepet inn Storsund og rundt Kalven, ikkje ut Gavelen slik det kom inn i 2017. To slepebåtar stod for buksering. Den største har heimehamn Bremerhaven. Den andre kom inn frå Stavanger og vert truleg med til slepet er klar av kysten.

Avgangen til DE TRANSPORTER gjer kaien på Eidsvik vert frigjort for Selstad og all transport til og frå med nøter, merdar og anna fiskeutstyr.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Svein Arne Eidsvik/ Egil Pile/ Kristian Bringedal



Slepet gikk ikkje gjennom Gavelen slik mange venta, men nord for Kalven og ut i Hardangerfjorden.